



Ulvanåso-tunren har vorte ein klassikar.

Kommande søndag, palmesøndag, inviterer Kvinnherad Turlag igjen på skitur til Ulvanåso. Turen har vorte ein klassikar og hvis veret blir bra blir det kanskje ny besøksrekord på det populære fjellet?

Turen byr på eit fantastisk utsyn frå toppen - 1247 meter over havet. Starten skjer som vanleg frå Ternebu i Tveitedalen og går innover ljosløypetraseen på austsida av Bakkastølsvatnet.

Så går den oppover skogsvegen og på god sti til Dyrrindo, som ligg rundt 500 meter over havet. Herifrå eit lite stykke bratt opp frå hytta og vidare i jamn stigning mot sjølve topp-plataet. Nedkøringa er også spektakulær! Kvinnherad Turlag lovar ei eventyrleg vår-oppleving!